

Godt frammøte i skulemusikken....

17.06.2009



Sindre og Lene vant den harde konkurransen om beste frammøte. (Foto: Thor Inge Døssland)

Skulemusikken hadde ei enkel, men koseleg samkome på Peppes etter kulturskulekonserten tirsdag kveld. Dei kosa seg med pizza og brus, og i tillegg vart dei to med best frammøte i vårhalvåret, Sindre Aksnes og Lene S. Myklebust, premiert med gåvekort. I tillegg fekk kvar musikant overrekt eit fint gruppebilde av korpset.

Samkoma markerte slutten på ein svært god sesong. Gjennom sesongen har dei øvt inn eit imponerande stort repertoar. Ein dugande dirigent saman med svært godt øvingsframmøte er hovudgrunnen til dette. Konkurransen om frammøteprenien var svært hard. Sindre var aller best med 28 frammøte, eit meir enn Lene. Hakk i hæl bak desse fulgte heile 9 musikantar med 25 og 26 frammøte.

Vi kjenner til svært få skulekorps på Uskedal sitt nivå som har ei fast øving i veka, - dei fleste har to. Det hadde også skulemusikken tidlegare. Med ei øving vert godt frammøte og litt heimeøving ekstra viktig og nødvendig. Framleis er tirsdagen musikkøvingskveld i Uskedalen slik den har vore i alle år. Det kunne vore ønskjeleg med litt fleire i korpset, men dei som er med held svært godt nivå. I tillegg har vi siste året hatt 7 aspirantar. Dei var alle med på Peppes, og dei er klare til å byrja i korpset til hausten. Det gler vi oss til.

Samkoma på Peppes var avslutning av sesongen på heimebane. Lørdag set 14 av musikantane seg på flyet til København saman med dirigent og familie. Der skal dei ha 2 konserter og oppleva den spennande storbyen før dei vender heim att seit onsdag kveld.

Vi takkar den flotte gjengen for ein imponerande sesong, og håpar vi kan følgja opp komande sesongar slik at bygda vår kan gle seg av skulemusikken i mange år framover.

Av Thor Inge Døssland